



SELJORD 2011

landskappleiken

29.juni - 3.juli



VELKOMEN TIL LANDSKAPPLEIK I SELJORD

Seljord Spelemannslag ynskjer vel møtt til
Landskappleiken 2011!

I festivalbygda, midt i hjarta av Telemark,
står folkemusikken sterkeare enn nokon gong.
I kulturskulen er hardingfela meir populær enn
gitar og piano, og fremst i 17. maitoget går
juniorspelemannslaget. No får Seljord høve til
å samle alle landets beste folkemusikkutøvarar.
Det gler me kånn till!





INNKVARTERING

Me håpar dei fleste vil ta i bruk campingområdet på Dyrskuplassen og slik få ei kompakt og sosial kappleiksveke, men det finst òg mange andre stader ein kan overnatte i nærområdet.

Kappleiksarenaen

Landskappleiken 2011 vert avvikla på og rundt Dyrskuplassen, som er kjent for Dyrsku'n, Country- og Seljordfestivalen.

Dyrskuplassen er utbygd for store arrangement og festivalar, har fleire større og mindre scenar og eit spesialområde for camping i stor målestokk. Granvin kulturhus ligg tett ved Seljord sentrum som har utvikla seg til ein travel handelsstad med butikkar, kafear, legesenter og døgnopen bensinstasjon. Bygda har eit livleg kulturliv ved sida av folkemusikken, med sommarutstillinga i Kunstlåven og sogevandring i sentrum.

Vil du vite meir eller tingje plass på kappleiks-campingen, gå inn på www.lk2011.no



SELJORD 2011

landskappleiken

29.juni - 3.juli

AVSTANDAR TIL SELJORD

Oslo	175 km
Bergen	350 km
Kristiansand S	195 km
Trondheim	640 km

Du kan enkelt reise hit med bil, buss eller tog. Seljord ligg rett ved E134 som går frå Oslo til Haugesund/Bergen og blir trafikkert av Haukeliekspressen. Du kan ta tog til Bø i Telemark frå Oslo, Kristiansand og Stavanger med Sørlandsbanen, og derfrå er det godt bussamband vidare til Seljord.

KONTAKT:

Landskappleiken i Seljord 2011
3840 Seljord

Telefon: 97 09 34 44
E-post: post@lk2011.no
Nettside: www.lk2011.no

